


Årsoppgjer 2019

Modalen Kraftlag SA



Org. Nr. 877051412

MODALEN KRAFTLAG SA

Årsmelding 2019

STYRET:

Vibeke Thorsen (leiar)
Jan Arild Steinsland (nestleiar)
Marianne Tepstad (styremedl.)
Torbjørn Aas (styremedl.)
Bjørn Helland (tilsett)

Det er halde 5 styremøter i 2019 og det er handsama 51 saker.

DRIFTSPERSONALET/ADMINISTRASJON

Maskinmeisterass./montør:	Stian Steinsland 100%
Maskinmeisterass./overmontør:	Bjørn Helland 100%
Maskinmeister/overmontør:	Knut Helland 100%
Rekneskap/sekretær:	Aud Marit B. Bergo 60%
E-verk sjef:	Per Bjarte Hanstveit (innleigd)

Det har vorte gjennomført lønnsreguleringar i 2019.

PRODUKSJON

Inntekta på tilf. kraft var kr 3 061 733 i 2019,- mot kr 3 521 815,- i 2018.

Kraftlaget har ikkje hatt nokon fastavtale for kraft i 2019.

Produksjonen vert seldt til spotpris. Spotprisen varierar frå dag til dag og har våre nokolunde høg i første halvår, men låg i andre halvår 2019.

KRAFTSTASJONAR

Produksjonsmessig har det våre eit svakt år med ein produksjon på 7,77 GWh i 2019. Til samanlikning vart det produsert 8,54 GWh i 2018. Prisane har våre middels bra, året sett under eitt. Eit lagerhavari er noko av årsaka til låg produksjon og høge driftskostnader.

Hellandsfoss

Anlegget har produsert 6,89 GWh i 2019

Budalselva

Anlegget har produsert 0,88 GWh i 2019

NYBYGG

Høgspent 22kv

Det er utført stolpeskift av 2 stolper pga. hakkespett. Dei resterande mastene (om lag ein kilometer linje) er satt opp ved gammal del Otterstad.

Lågspent

Det er bygd ny linje til Stokkevika. Har fått to nye abonnentar i 2019.

Modalen Kraftlag har fått sin fyste plusskunde som leverer kraft inn på vårt nett (solcellepanel). Det er og utført tilrettelegging av kabler/skåp til ny bolig, nye tomter og veglys.

VEDLIKEHALD

Veglys - Resterande kvikksylvarmarturer (HQL) er skifta til LED.

AMS MÅLARAR

Her har det vore svært mykje jobb, 900 arbeidstimer.

KJØP OG SAL AV KRAFT

Kraftlaget kjøper konsesjonskraft frå BKK for sal til abonnentane.

I 2019 er det seldt 7,8 Gwh til abonnentane. Det er kjøpt inn 8,9 Gwh kraft. Dette gir et tap på 6,4 %.

Normalt vil nettapet ligge mellom 5-12 %.

REKNESKAP/ØKONOMI/FAKTISKE TILHØVE

Liten produksjon og middels straumprisar, i kombinasjon med høge vedlikehaldsutgifter, gjer at Modalen Kraftlag SA går med underskot i 2019. Underskotet aukar på grunn av meirinntekt. Samla underskot for 2019 er kr 1 154 611. 2020 teiknar til å bli betre, men er særst avhengig av straumprisen. Grunnlag for vidare drift er til stades.

LIKESTILLING

Av selskapets tilsette er det 3 menn og 1 kvinne. Styret er samansett av 3 menn og 2 kvinner. Selskapet har ein policy som tek sikte på at det ikkje skal forekomma forskjellsbehandling grunna kjønn.

ÅRSMELDING

Verksemda driv med kraftomsetning, kraftproduksjon og kraftoverføring. Verksemda si aktivitet er retta mot innbyggjarane og industrien i Modalen kommune, og god eigenproduksjon av kraft. Verksemda sin økonomi er god, då det er ein fast kundemasse og god eigenproduksjon.

Årsregnskapet og årsmelding for 2019 for Modalen Kraftlag BA er satt opp under føresetnad av fortsatt drift. Utsiktene for 2020 vurderast som gode. Styret meiner at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god. Ein reknar ikkje med at verksemda medfører skade på det ytre miljø.

MEIR/MINDREINNTTEKT

NVE fastset kvart år ei inntektsramme for kor mykje selskapet kan ta betalt for overføringstenester. Denne inntektsramma var 3 032 000 for 2019. Selskapet hadde ein meirinntektsaldo på kr 1 080 000 pr 01.01.2019. Selskapet har hatt kr 436 034 i meirinntekt i 2019, slik at meirinntektsaldoen var kr 1 412 034 pr. 31.12.2019

Modalen, den 23.08.2020



Vibeke Thorsen
Styrets leiar


Jan Arild Steinsland
Styrets nestleiar


Bjørn Helland
Styremedlem


Marianne Tepstad
Styremedlem


Torbjørn Aas
Styremedlem

Resultatregnskap

Modalen Kraftlag SA

	Note	2019	2018
Driftsinntekter og driftskostnader			
Salgsinntekt	9	7 738 799	8 044 697
Anna driftsinntekt	12	426 304	165 763
Sum driftsinntekter		<u>8 165 103</u>	<u>8 210 460</u>
Varekostnad		1 916 432	1 599 160
Endring varelager		10 325	123 189
Lønnskostnad	4, 6, 11	2 501 126	2 019 916
Avskrivning på driftsmidler	1	1 390 973	1 310 259
Anna driftskostnad	6	3 419 980	2 851 233
Sum driftskostnader		<u>9 238 837</u>	<u>7 903 756</u>
Driftsresultat		<u>-1 073 734</u>	<u>306 703</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna finanskostnad		47 785	18 917
Resultat av finansposter		<u>-47 785</u>	<u>-18 917</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		-1 121 519	287 786
Skattekostnad på ordinært resultat	8	33 092	155 321
Ordinært resultat		<u>-1 154 611</u>	<u>132 465</u>
Årsresultat		<u>-1 154 611</u>	<u>132 465</u>
Overføringer			
Avsett til anna egenkapital		-1 154 611	132 465
Sum overføringer		<u>-1 154 611</u>	<u>132 465</u>

Balanse

Modalen Kraftlag SA


Eigedelar	Note	2019	2018
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Konsesjonar	1, 13	1 011 582	916 764
Sum immaterielle eigedelar		<u>1 011 582</u>	<u>916 764</u>
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	1	1 584 695	1 706 518
Maskiner og anlegg	1	12 690 585	11 571 969
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	1, 7	1 006 983	1 154 291
Sum varige driftsmidler		<u>15 282 263</u>	<u>14 432 777</u>
Finansielle anleggsmidler			
Andel KLP		123 798	114 865
Sum finansielle anleggsmidler		<u>123 798</u>	<u>114 865</u>
Sum anleggsmidler		<u>16 417 642</u>	<u>15 464 406</u>
Omlaupsmidler			
Lager av varer	3	807 704	818 029
Fordringar			
Kundefordringar	2, 7	2 816 059	3 058 517
Andre kortsiktige fordringar	2	12 795	102 782
Sum fordringar		<u>2 828 854</u>	<u>3 161 299</u>
Bankinnskott, kontantar o.l.	10	1 577 965	2 772 237
Sum omlaupsmidler		<u>5 214 522</u>	<u>6 751 565</u>
Sum eigedelar		<u>21 632 165</u>	<u>22 215 972</u>

Balanse

Modalen Kraftlag SA


	Note	2019	2018
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten eigenkapital	5	87 000	87 000
Andelskapital		<u>87 000</u>	<u>87 000</u>
Sum innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital		17 074 594	18 229 205
Anna eigenkapital		<u>17 074 594</u>	<u>18 229 205</u>
Sum opptent eigenkapital			
		<u>17 161 594</u>	<u>18 316 205</u>
Sum eigenkapital			
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	1 015 690	1 333 799
Anna langsiktig gjeld	7	297 367	334 707
Sum anna langsiktig gjeld		<u>1 313 057</u>	<u>1 668 506</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 428 554	955 868
Betalbar skatt	8	33 232	155 460
Skyldig offentlige avgifter		25 340	27 211
Anna kortsiktig gjeld		1 670 387	1 092 722
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 157 513</u>	<u>2 231 261</u>
Sum gjeld		<u>4 470 570</u>	<u>3 899 766</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>21 632 165</u>	<u>22 215 972</u>

Modalen, 23.08.2020
Styret i Modalen Kraftlag SA


Vibeke Thorsen
styreleder


Jan Arild Steinsland
nestleder


Marianne Tepstad


Torbjørn Aas


Bjørn Helland

Modalen Kraftlag SA
Styret
5729 Modalen

Isdalstø, 21.08.2020
Nummerert brev nr. 7

Revisjon av årsrekneskapen 2019

Vi har revidert selskapet sin årsrekneskap for 2019. I denne rapporten vil vi gi nokre kommentarar og våre vurderingar etter årets gjennomgang.

Kundar

Det er ein del eldre uteståande postar på kunderskontro. Delkredereavsetning er auka med kr 150 000 til kr 750 000. Innkrevjing av eldre postar blir viktig for å redusere risiko for tap i størst mulig grad. Særlig viktig blir det å dekke inn krava som er fakturert i UniMicro før Enoro fakturasystem vart teke i bruk. Pr. 31.12.19 utgjør desse uteståande kr 918 334.

Ved overgang til nytt Enoro fakturasystem i 2017, fungerte ikkje integrasjon mot UniMicro tilfredsstillande. Ein har difor ikkje fått bokført kunderskontro i samsvar med krava i bokføringslova. Det har heller ikkje lukkast å kjøre ut saldoliste kundar pr. 31.12.19 som stemmer med bokført rekneskap. Då dette er manglar i høve til bokføringslova vil vi ta eit atterhald i revisjonsmeldinga.

Avstemming balanse

Generelt vil vi tilrå at ein etablerer eit system for balanseavstemming slik at alle balansepostar er avstemt og dokumentert når rekneskapen går til revisjon. Dette vil redusere revisjonsarbeidet og auka kvaliteten på rekneskapsavlegginga.

Meirverdiavgift og lønsinnmelding bør avstemmast og dokumenterast terminvis og ved årsslutt.

Andelskapital er bokført med kr 87 000 i 2019. Liste pr. 31.12.19 viser 175 andelseigarar. Det må avklarast om ny andelseigar frå 2017 har innbetalt andelskapitalen. Ber om at dette blir korrigert i 2020. Avstemming av andelskapital bør inngå i årsavslutningsrutinen.

Eige aktivert arbeid er bokført med kr 674 520 i 2019. Utover timar, timesats og munnleg omtale av posten er det ikkje lagt fram dokumentasjon i rekneskapen. Vi ber om at dette blir dokumentert i rekneskapen med timelister og skriftleg omtale av det utførte arbeidet.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål eller behov for malar, avstemmingsskjema eller liknande.

Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon AS



Janne Eraker
Statsautorisert revisor